



SÆRAVTALE OM BEREDSKAPSVAKT I HELSE OG OMSORG I STAD KOMMUNE

Denne avtalen er inngått mellom Stad kommune og arbeidstakarorganisasjonane Fagforbundet, Norsk Sykepleierforbund (NSF) og Fellesorganisasjonen (FO).

Avtalen gjeld frå 01.06.2023 – 31.12.2024 i helse og omsorg i Stad kommune, og vert automatisk forlenga om ikkje partane seier opp avtalen. Avtalen kan seiast opp med minst tre månads varsel før gyldighetstida går ut. Dersom avtalen ikkje vert sagt opp innan fristen sin utløp, fornyast avtalen for eitt år av gongen.

Avtalen er heimla i arbeidsmiljølova § 10-4 (3).

Vakta skal ikkje reknast med i den alminneleg arbeidstid.

I Stad kommune vert 1/5 av heimevakta definert som arbeidstid. Ein time heimevakt skal godtgjerast med 1:5 timelønn.

Kviletid etter utrykking på heimevakt

Vi skal unngå å planlegge eller avtale heimevakt på natt i forkant av ein aktiv dagvakt. Dette for å sikre naudsynt kviletid etter eventuell utrykking. Om det likevel er naudsynt og utrykkingstida overstig halve beredskapstida eller er meir enn 4 timar samanlagt, får den tilsette fri med lønn i inntil 8 timar umiddelbart etter den siste utrykkinga. Ved mindre utrykkingstid må den tilsette møte på dagvakt til vanleg tid og deretter avtale med leiar om kompenserande kviletid i form av å gå tidlegare heim frå vakt utan trekk i lønn.

Nordfjordeid, 05.06.2023

Barbro Longva
Kommunalsjef

Heidi Kroken Bruland
Personalsjef

Eva Haugland
HTV Fagforbundet

Hanne Ryssdal
HTV FO

Tone Kristin Smørdal
HTV NSF